

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	25.02.2009	024/09	ÅMS

Avgjerslemynde: HPLT	Arkiv: GBNR-14/75	Arkivsaknr
Sakshandsamar: Aase M. Skrede	Objekt:	06/101

GNR 14/75 VALDERSNES - BYGGING AV KAI

Dokumentliste:

Vedlegg i saka:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	07.03.2006	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Bygging av kai
2	I	13.03.2006	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Valdernesnes - Søknad om dispensasjon
3	I	23.03.2006	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 14/75,105 - Oppføring av kai
4	I	26.04.2006	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75, 105 - Valdernesnes - Kvittering for naboliste
5	U	02.06.2006	Fylkesmannen i Hordaland	Gnr 14/75-Valdernesnes/Gradek-Søknad om dispensasjon for bygging av kai-oversending av sak for høyring
6	I	12.06.2006	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Angående bev til Fylkesmannen
7	I	06.07.2006	Fylkesmannen i Hordaland - Miljøvernaveilinga	Gnr 14/101 - Uttale -søknad om dispensasjon
9	I	28.08.2006	Grzegorz Gradek	Brev til ordførar
10	U	13.09.2006	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Søknad om dispensasjon for bygging av kai - avslag - oversending av vedtak
12	I	31.10.2006	Grzegorz Gradek	Brev til ordfører og politikere i Radøy kommune
13	U	23.11.2006	Grzegorz Gradek; Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Valdernesnes/Gradek Grzegorz - oppføring av kai - avslag - klage - oversending av vedtak
14	U	23.11.2006	Fylkesmannen i Hordaland - Justis- og forvaltingsavd.	Gnr 14/75 - Valdernesnes/Gradek Grzegorz - søknad om dispensasjon for oppføring av kai - klagesak - oversending av saksdokument for endeleg avgjerd
15	I	07.12.2006	Fylkesmannen i Hordaland - Justis- og forvaltingsavd.	Førebels svar på klagesak
16	I	02.04.2007	Fylkesmannen i Hordaland - Justis- og forvaltingsavd.	Stadfesting av kommunen sitt vedtak - avslag på søknad om oppføring av brygge
17	I	23.04.2007	Grzegorz Gradek	Nytt forslag - molo
18	U	03.05.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Valdernesnes/Grzegorz

19	I	14.05.2007	Grzegorz Gradek	Gradek - Søknad om dispensasjon for oppføring av molo - mellombels svar
20	U	22.05.2007	Fylkesmannen i Hordaland	Gnr 14/75 - kopi av kvittering for rekommandert sending av nabovarsel
21	U	22.05.2007	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 14/75 - Valdersnes/Gradek Gradek - Søknad om dispensasjon for bygging av molo
22	I	25.05.2007	Normann Valdersnes	Gnr 14/75 - Valdersnes/Gradek Gradek - Bygging av molo
23	I	12.06.2007	Bergen og Omland Havnevesen	Vedk nabovarsel
24	I	17.06.2007	Fylkesmannen i Hordaland - Miljøvernavdelinga	Fornyng av løyve til utlegging av bølgebrytar/molo
26	U	12.09.2007	Normann Valdersnes	Gnr 14/75 - Uttale til søknad om dispensasjon for bygging av molo
28	U	13.09.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Bygging av kai - Valdersnes - oversending av vedtak
27	U	13.09.2007	Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Hordaland - Miljøvernavdelinga	Gnr 14/75 - Søknad om dispensasjon for oppføring av kai - oversending av sakspapir - krav om gebyr
30	I	02.10.2007	Normann Valdersnes	Gnr 14/75 - Valdersnes - Søknad om dispensasjon for bygging av molo - oversending av sak for klagevurdering
31	U	08.10.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - klage på vedtak fatta 22.08.07
32	I	11.10.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Valdersnes - Bygging av kai - klage på vedtak
33	I	28.10.2007	Normann Valdersnes	Kai i Valdersnes
35	I	16.11.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - klage på vedtak/kommentar til brev
37	U	23.11.2007	Normann Valdersnes	Gnr 14/75 - Merknader til synfaring
36	U	23.11.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Valdersnes - bygging av kai - klage - oversending av vedtak
38	I	25.11.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - Valdersnes - Bygging av kai - naboklage - oversending av vedtak
39	I	27.11.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - teikning og kart
41	U	03.12.2007	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - vedk vedtak om kai
42	I	10.12.2007	Advokatfirmaet Kyrre ANS	Vedk. brev frå dykk, datert 16. november og 27. november 2007
43	I	02.01.2008	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 - vedk klage oppføring av kai
44	I	07.01.2008	Roy Valdersnes	Vedk bygging av kai
45	I	07.01.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Svar på brev og fullmakt til å vere kontaktperson
47	I	26.01.2008	O.K Charter as v/Ove E. Kristiansen	Gnr 14/75 Valdersnes - vedk omsøkt kai
48	I	27.01.2008	Tobias Båtindustri as v/Kjell Hopen	Gnr 14/75, 105 Valdersnes - vedk. synfaring
49	I	28.01.2008	G.Stevnebø	Gnr 14/75 Valdersnes - vedk. synfaring
52	I	06.02.2008	Bergen og Omland	Vedk bygging av kai
				Gnr 14/75 Valdersnes - motteken

50	I	13.02.2008	Havnevesen Normann Valdersnes v/Roy Valdersnes	klage Gnr 14/75 Valdersnes - Kommentar til synfaring av Ove Eriksen, Kjell Hopen og Geir Stevnebø samt oppsummering.
51	U	14.02.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Gnr 14/75 - Bygging av kai - Valdersnes - klage - oversending av sak for endeleg avgjerd
53	I	26.02.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 14/75 Valdersnes - innkalling til synfaring
54	U	28.02.2008	Bergen og Omland Havnevesen v/Reigstad	Gnr 14/75 - Bygging av kai - Valdersnes - kopi av brev sendt til Fylkesmannen i Hordaland
55	I	28.02.2008	Grzegorz Gradek	Gbr 14/75-105 Valdersnes - gjeld eigedom
56	I	11.03.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 14/75 Valdersnes - rapport frå synfaring
57	I	18.03.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 14/75 - oversending av klage til Kystverket
58	I	25.03.2008	Fylkesmannen i Hordaland - Justis- og forvaltingsavd.	Gnr 14/75 Valdersnes - førebels melding
59	I	09.06.2008	Kystverket Vest	Gnr 14/75 Valdersnes - klage på løyve til å leggje ut molo - vedtak
60	I	08.10.2008	Fylkesmannen i Hordaland - Justis- og forvaltingsavd.	Gnr 14/75 Valdersnes - vedtak
61	I	14.10.2008	Gregorz Gradek	Gnr 14/75 Valdersnes - vedk. uttale frå Fylkesmannen
62	I	28.10.2008	Advokatfirmaet Kyrre ANS v/ K.K.Larssen	Gnr 14/75 Valdersnes - dispensasjon for oppføring av kai - tilleggsskriv til brev
64	I	11.12.2008	Grzegorz Gradek	Vedk. avslag på søknad om bølgebrytar
65	U	17.12.2008	Grzegorz Gradek; Normann Valdersnes; Roy Valdersnes; Advokatfirmaet Kyrre ANS v/ K.K.Larssen	Gnr 14/75 Valdersnes - søknad om dispensasjon for oppføring av kai/molo - avslag - oversending av vedtak
66	I	05.01.2009	Grzegorz Gradek	Gnr 14/75 Valdersnes - Klage på vedtak frå 02.12.2008
67	I	11.01.2009	Grzegorz Gradek	Vedkomande handsaming av søknader
69	I	18.02.2009	Grzegorz Gradek	Vedkomande handsaming av søknad

Kart

Søknad om dispensasjon for oppføring av kai

Teikningar

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland datert 15.06.07

Illustrasjonsskisse

Oversikt over saksgang f.o.m. 23.04.07 t.o.m. 28.10.08

Vedtak frå Fylkesmannen datert 08.10.08

Skriv frå Gradek datert 14.10.08 og foto

Tilleggsskriv frå Advokat Kathrine Knapstad Larsen datert 28.10.08

Saksutgreiing:

Fylkesmannen har oppheva Hovudutvalet sitt vedtak av 22.08.08 og sendt saka attende til kommunen for ny handsaming.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av kai/molo på fritidseigedom på Valdersnes. Eigedommen ligg i uregulert landbruks-, natur og friluftsområde (LNF-område) i kommuneplanen sin arealdel. Her er det ikkje høve til anna bygging enn den som er grunngeven ut frå dei omsyna som den vedtekne arealbruken skal ivareta. Det omsøkte tiltaket er såleis i strid med kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket er dessutan i strid med forbodet i plan- og bygningslova § 17-2, 1. ledd mot bygging og frådeling i 100-meterbeltet langs sjøen. Dette inneber at omsøkte tiltak ikkje kan førast opp utan at det vert gjeve dispensasjon etter plan- og bygningslova § 7 frå kommuneplanen si arealdel og plan- og bygningslova § 17-2.

Det har tidlegare vore søkt om mange ulike tiltak på denne eigedommen. Vedlagde illustrasjonsskisse gir ei oversikt over dette. Hytte (A) og naust (B) er allereie godkjent og vert ikkje omtala meir i denne saka. Det same gjeld dei tiltaka som er søkt om og avslått (H, I J og K). Tiltak der det ikkje ligg føre dokumentasjon er anneks (C), støypt båtopptrekk på vestsida (D) og kai på vestsida (E). Dette er tiltak som delvis har vore på eigedommen før noverande eigar overtok og kommunen vil difor ikkje krevje meir sakshandsaming for desse sakene.

Dei tiltaka som ikkje er ferdighandsama grunna manglar, er kai på austsida (F) og terrasse på hytta (G). Tiltakshavar vil få tilsendt eit eige brev med opplysningar om kva som må til for å få formell godkjenning på terrassen. Når det gjeld kaien på austsida meiner administrasjonen at det er naturleg å sjå denne i samanheng det omsøkte tiltaket på vestsida (kai/molo på 7 m).

Saksgangen for omsøkte molo er oppsummert i ein tabell som ligg vedlagt denne saka. Innhaldet vert ikkje omtala i detalj, men Hovudutvalet sine vedtak vert referert her:

22.08.07 PLT-092 Vedtak:

"Det vert gjeve løyve til oppføring av molo som omsøkt. Moloen må maks vera 7 m ut frå land ved fjære sjø. Det må vera full djupne utanfor moloen, og enden må sikrast med fender og lys."

Dette vedtaket vart påklaga av ein nabo og i klagehandsaminga vart følgjande vedtak fatta:

14.11.07 PLT-124/07 Vedtak:

"Hovudutval for plan, landbruk og teknisk tek klagen til følgje. Grunngevinga for vedtaket er at omsøkte tiltak vil vere til hinder for båttrafikken i området. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 7 og 17-2.2"

Dette vedtaket vart påklaga av tiltakshavar og i klagehandsaminga vart følgjande vedtak fatta:

12.12.07 PLT-136/07 Vedtak:

"Saka utsett til neste møte"

30.01.08 PLT-014/08 Vedtak:

"Hovudutval for plan, landbruk og teknisk tek ikkje klagen til følgje. Vedtak i sak nr. 124/07 av 14.11.07 vert oppretthalde. Grunngevinga for vedtaket er gitt i vurderinga ovanfor. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 7 og 17-2:"

Vedtaket vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland som m.a. skriv følgjande i si saksutgreiing: ”Hovudutvalet tok klagen til følgje og avslo tiltaket med den grunngjeving at tiltaket ”*vil vere til hinder for båttrafikken i området*”. Av det som går fram over, vil omsynet til båttrafikken ikkje vere mellom dei omsyn som står sentralt å ivareta korkje etter pbl § 17-2 eller LNF-føremålet. Dette omsynet skal primært vurderast etter hamne- og farvannslova og av hamnesstyresmaktene. Så er og gjort i denne saka. Bergen og Omland havnevesen gav den 12.06.20047 løyve til utlegging av molo. Tiltaket vart ”*ikke ansett for å være i konflikt med hensynet til alminnelig ferdsel i området.*”

Fylkesmannen meiner Radøy kommune ved si handsaming av saka har snudd dispensasjonsvurderinga på hovudet og skriv følgjande; ” Det som skal grunngjevast er kor vidt det ligg føre ”særlege grunnar” til å dispensere frå lova og kommuneplanen, og ikkje kor vidt det ligg føre grunnar mot dispensasjon. I tillegg ligg den grunnen hovudutvalet har gjeve utslagsgjevande vekt, her: hindringar for båttrafikken, utanom dei omsyn som primært skal ivaretakast etter plan- og bygningslova, jf. det som er sagt over om tilhøvet til hamnestyresmaktene sin kompetanse. Etter Fylkesmannen sitt syn gjev dette grunnlag for å oppheve kommunen sitt vedtak. ”

Med bakgrunn i dette har Fylkesmannen i Hordaland fatta følgjande vedtak 08.10.08: ”**Hovudutval for plan, landbruk og teknisk sitt vedtak av 14.11.2007 i sak 124/07 vert oppheva. Saka vert send attende til Radøy kommune for ny handsaming.**”

Når kommunen no skal handsame saka på nytt peikar Fylkesmannen m.a.på følgjande: ”*Som nemnt gjev pbl § 17-2 uttrykk for eit mål om å halde strandlina mest mogleg fri for bygningar og andre konstruksjonar. Utfrå landskapsestetikk mellom anna, vil dette gjelde sjølv om området er privatisert og lite eigne/tilgjengeleg for ålmenta. Av desse grunnar meiner Fylkesmannen at Radøy kommune bør vurdere/handsama alle omsøkt tiltak i samanheng, og då opp mot dei omsyna som er nemnde ovanfor og som er relevante i høve til pl § 17-2.*”

Nye opplysningar i saka:

Brev frå Gradek datert 14.10.08:

Kommunen har motteke eit skriv frå Gradek der han m.a. på det sterkaste oppmodar Hovudutvalet om å halde fast ved vedtaket frå 22.08.07. Brevet er vedlagt saka.

Brev frå advokat Kathrine Knapstad Larsen datert 28.10.08:

Det vert i brevet m.a. peika på unntaket i § 17-2, 3. ledd nr. 3 som gjeld brygge på bebygd eigedom til sikring av eigaren eller brukaren sin tilkomst. Brevet er vedlagt saka.

Vurdering:

Fylkesmannen har bede kommunen å sjå alle omsøkte tiltak på eigdommen i samanheng og då opp mot dei omsyna som er relevante i høve til pbl. § 17-2. Med bakgrunn i dette er det naturleg å sjå på Fylkesmannen si vurdering av denne saka og vurdering av ei tidlegare liknande sak på eigdommen:

Utdrag frå Fylkesmannen sin uttale til omsøkte kai:

”*Vi forventar at kommunen kjenner til reglane for bygge- og deleforbodet i 100m-beltet, ulike rikspolitiske retningsliner om arealbruk og sterke jordverninteresser. Dersom vedtak strir i mot sentrale prinsipp om rettstryggleik eller medverkar til at ei planmessig styring av arealbruken vert vanskeleggjort i kommunane, kan og vedtaka bli påklaga.*”

Eit vedtak om å gje dispensasjon i denne saka vil kunne føre til at regionale eller nasjonale verdiar vert råka.”

Utdrag frå Fylkesmannen si klagehandsaming av ei tidlegare omsøkt brygge på eigedommen:
"Fylkesmannen finn at det omsøkte tiltaket kjem i konflikt med dei omsyn som ligg til grunn for kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona etter § 17-2. Bakgrunnen for byggjeforbodet i strandsona er eit ønske om å halde den nære strandsona fri for busetnad, for slik å ivareta mellom anna naturvern- og landskapsinteresser. I høve til § 17-2 peikar Fylkesmannen på at retningsliner frå sentrale styresmakter gir uttrykk for at byggjeforbodet skal praktiserast strengt. Miljøverndepartementet har dei seinare åra innskjerpa dispensasjonspraksisen gjennom fleire brev til kystkommunane.

Fylkesmannen peikar innleiingsvis på at klagar allereie har ei kai på austsida av eigedomen, og at unntaket frå forbodet mot bygging av bryggje i 100m-beltet i plan- og bygningslova i § 17-2 tredje ledd nr. 3 difor ikkje kan nyttast.

Klagar har i hovdudd sak gjort gjeldande at han har trong for ein trygg tilkomst til og frå sjøen i dårleg ver, og at ei bryggje som omsøkt ikkje vil innebere inngrep i strandsona. Etter Fylkesmannen si vurdering er ikkje trong for ein tryggare tilkomst frå sjøen å rekne for "særlige grunner" i høve til krava i plan- og bygningslova § 7. Fylkesmannen viser til at naturvern og landskapsinteressene vil verte råka ved at klagar får løyve til å oppføre ei bryggje, og vi viser også til at klagar allereie har ei kai på austsida av eigedomen."

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er grunn til å gjere ytterlegare vurderingar enn dei Fylkesmannen alt har gjort. Fylkesmannen har oppheva Hovudutvalet sitt tidlegare vedtak i denne saka fordi grunngevinga var gjort på feil grunnlag. Når søknaden skal handsamast på nytt er det viktig at vedtaket er heimla i plan- og bygningslova. Tiltakshavar har grunngeve sin søknad med trong for tryggare tilkomst og Fylkesmannen meiner at dette ikkje er å rekne for "særlige grunner" i høve til krava i plan- og bygningslova § 7. Fylkesmannen legg også til grunn at tiltakshavar alt har ein kai på austsida. Administrasjonen meiner difor det er viktig å få på plass ei endeleg godkjenning for denne kaien.

Forbodet mot bygging og frådelling i 100 m-beltet gjeld m.a. ikkje for "Brygge på bebygd eiendom til sikring av eierens eller brukerens atkomst". Fylkesmannen viser til at dette unntaket ikkje kan nyttast fordi det alt er ein kai der.

Med bakgrunn i ovannemnde vurderer administrasjonen det som riktig å avslå søknad om dispensasjon for oppføring av kai på vestsida. Det vert også sett krav om at det må ordnast formell godkjenning av kaien på austsida.

Vedtaket vert sendt saman med orientering om klagerett til tiltakshavar og nabo som har klaga på tidlegare vedtak i saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk avslår søknad om dispensasjon for oppføring av omsøkte tiltak.

Grunngevinga for vedtaket er at det allereie er ein kai på eigedommen som sikrar eigaren/brukaren sin tilkomst.

Vedtaket er heimla i pbl. §§ 7 og 17-2.

02.12.2008 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT-138/08 VEDTAK:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk avslår søknad om dispensasjon for oppføring av omsøkte tiltak.

Grunngjevinga for vedtaket er at det allereie er ein kai på eigedommen som sikrar eigaren/brukaren sin tilkomst.

Vedtaket er heimla i pbl. §§ 7 og 17-2.

Nye opplysningar i saka:

Klage på vedtak PLT-138/08, datert 05.01.09.

Kopi av brev sendt til Utanriksminister Jonas Gahr Støre, datert 08.01.09

Saksutgreiing:

Det vert i hovudsak klaga på forskjellshandsaming av klagaren sin søknad om å bygge bølgebrytar/brygge og andre liknande søknader i området. Klagen vert oppsummert i følgjande 4 punkt som det vert bede om at Fylkesmannen vurderer:

- 1) Det er særlig grunn til å montere bølgebryter på min eiendom på Valdernesnes. Det kan være dirkete farlig å komme med båt til land når det er grov sjø.
- 2) Min nærmeste nabo fikk på samme argumentasjon lov å bygge molo, også som jeg leste i avisen, i andre deler av fylket ble liknende tiltak godkjent, blant annet en stor steinmolo i Øygarden kommune.
- 3) Det er forbudt med usaklig forskjellsbehandling i Norge.
- 4) Tillatelsen til å bygge bølgebryter/brygge, som jeg fikk den 28.08.07, ble ikke påklaget av Fylkesmannen.

Heile klagen er vedlagt saka. Innhaldet i brevet sendt til Utanriksminister Jonas Gahr Støre vert ikkje referert i saksutgreiinga, men kopi av brevet er vedlagt saka til orientering.

Vurdering:

Klagaren ber om Fylkesmannen si vurdering av saka. Administrasjonen ønskjer likevel å gje ein kort kommentar til dei to første punkta.

- 1) Som kommentar til punkt 1 vert det sitert eit utdrag frå Fylkesmannen si tidlegare klagehandsaming: *"I tillegg ligg den grunnen hovudutvalet har gjeve utslagsgjevande vekt, her: hindringar for båttrafikken, utanom dei omsyn som primært skal ivaretakast etter plan- og bygningslova, jf. det som er sagt over om tilhøvet til hamnestyresmaktene sin kompetanse. Etter Fylkesmannen sitt syn gjev dette grunnlag for å oppheve kommunen sitt vedtak. "* At søkjar meiner det er farleg å komme med båt til land når det er grov sjø, vert altså ikkje rekna som særleg grunn etter plan- og bygningslova.
- 2) Utdrag frå administrasjonen si saksutgreiing i samband med søknad om bølgebrytar på 12 m frå 2005: *"At det er gjeve løyve til ein innaforliggjande molo, som har smalare innløp til sjølve båthamna, meiner administrasjonen har letta tilkomsten for heile*

fellesskapet i båthamna. Hindringane frå naturen si side med skjer og undervasskjer er no utsprengt. Omsøkte bølgebrytar derimot er ein tillagt konstruksjon som etter administrasjonen si vurdering gjer tilkomsten vanskelegare. Tidlegare løyve for innaforliggjande molo har funksjon for eit heilt fellesskap mot omsøkt som er kun til eigen fordel.”

Administrasjonen kan ikkje sjå at det i klageskrivet kjem fram nye opplysningar eller viktige moment i saka som skulle tilseie at vedtaket bør endrast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk tek ikkje klagen til følgje. Vedtak i sak nr. 138/08 av 02.12.08 vert oppretthalde. Grunngevinga for vedtaket er at det ikkje er kome fram nye opplysningar eller viktige moment i saka som skulle tilseie at vedtaket bør endrast.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 7 og 17-2.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

25.02.2009 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT-024/09 VEDTAK:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk tek ikkje klagen til følgje. Vedtak i sak nr. 138/08 av 02.12.08 vert oppretthalde. Grunngevinga for vedtaket er at det ikkje er kome fram nye opplysningar eller viktige moment i saka som skulle tilseie at vedtaket bør endrast.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 7 og 17-2.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.